

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.01.2011
Sakhandsamar: **Synnøve Serigstad**
Saka gjeld: **Styringsdokument del 1 - helsefaglege styringskrav for 2011 til helseføretaka**

Arkivsak

2010/506/

Styresak 017/11 B

Styremøte 03.02. 2011

Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek dei helsefaglege styringskrava for 2011 for Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 12.01.2011.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek dei helsefaglege styringskrava for 2011 for Helse Fonna HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 12.01.2011.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek dei helsefaglege styringskrava for 2011 for Helse Bergen HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 12.01.2011.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek dei helsefaglege styringskrava for 2011 for Helse Førde HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 12.01.2011.

Oppsummering

Styringsbodskapen til helseføretaka blir årleg formidla gjennom eit heilskapleg styringsdokument. Denne saka gjeld dei helsefaglege styringskrava til sjukehusføretaka for 2011. Dei økonomiske rammene og organisatoriske krava samt styringsdokumenta til Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS vil bli lagt fram for styret i mars. Dei endeleg styringsdokumenta blir formelt presenterte for helseføretaka i føretaksmøter 16. mars 2011.

Fakta

Helse Vest formidlar styringsbodskapen til helseføretaka gjennom årlege styringsdokument. I tillegg til eigne styringskrav inneheld styringsdokumenta element henta frå oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet samt frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF der dei økonomiske og organisatoriske styringskrava blir formidla.

Helse Vest RHF mottok oppdragsdokumentet for 2011 like før jul medan føretaksmøtet i Helse Vest RHF først vil finne stad fredag 28. januar 2011. Det inneberer at dei endeleg styringsdokumenta ikkje vil kunne bli lagt fram for styret før i mars.

I og med at oppdragsdokumentet er klar i desember, har det vore ønskjeleg å kunne gjere dei helsefaglege styringskrava kjent på eit tidlegare tidspunkt enn ved den endelege framlegging av styringsdokumentet. Styret blir derfor førelagt styringsbodskapen for 2011 i to omganger. Dei økonomiske rammene og organisatoriske krava vil bli presenterte i styremøtet i mars, medan dei helsefaglege krava blir lagt fram i denne saka. Hovudgrunngevinga for dette er å gi helseføretaka moglegheit til å kome tidlegare i gang med planlegging og aktivitet knytt til desse krava.

Til føretaksmøta med helseføretaka i mars vil dei helsefaglege krava, dei økonomiske rammene og dei organisatoriske krava bli sydd i saman til eit felles styringsdokument for 2011. I det endelege styringsdokumentet vil det også bli gjort greie for krav til rapportering i 2011.

Dei helsefaglege krava som blir behandla i denne saka vil utgjere kapittel 3 i styringsdokumenta til sjukehusføretaka. Styringsdokumenta til Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS vil bli lagt fram for styret i mars.

Kommentarar

Sentrale element i styringa for 2011 er tydelege krav til resultat, utvikling av tenesta for å møte dei utfordringane spesialisthelsetenesta står overfor og høgt fokus på å sikre at sentrale pasientrettar blir ivaretekne. Helse Vest legg vidare stor vekt på felles utviklingsarbeid innanfor sentrale område. Dei viktigaste helsefaglege områda som skal følgjast særskilt opp i 2011 er ventetider og fristbrot, kvalitet og pasienttryggleik, tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige, psykisk helsevern, kreftbehandling og innovasjon.

Vedlegg

1. Helsefaglege styringskrav til Helse Stavanger HF
2. Helsefaglege styringskrav til Helse Fonna HF
3. Helsefaglege styringskrav til Helse Bergen HF
4. Helsefaglege styringskrav til Helse Førde HF